



VEDLEGG

**SAKSUTGREIING TIL VILT- OG FISKENEMNDA
INITIATIV FOR FISKE I BYGLANDSFJORDEN OG OTRA.**

Bakgrunn for saka

I Byglandsfjorden og Otra er det dei siste åra lite interesse for fiske, som har resultert i for lite uttak av aurebestanden. Dette har ført til ein overtett bestand av aure som også har fått auka innslag av parasittar (jf. prøvefiske). Det er ei utvikling som har gått over lang tid. Tidlegare var bleka i Byglandsfjorden like talrik som auren. Etter samanbrotet av blekebestanden i 1970-åra overtok auren ein del av «livsromet» til bleka. Seinare vart det sett ut settefisk av bleke, 100 000 pr. år og det har nok ført til for mykje fisk i høve til næringsgrunnlaget. I 1990-åra og fram til omlag 2009 var det prosjekt med tynningsfiske i Otra og Byglandsfjorden som førte til gode resultat nokon stader, særleg i elva nedanfor Byglandsfjord. I fjorden var det vanskeleg å måla nemneverdige resultat pga. det store arealet. Parasittane på auren, vesentleg rundorm, har og spreidd seg til bleka. Dette er endå ein god grunn til å auka fangsten på fiskebestandane.

(Meir bakgrunnsmateriale finst i publikasjonar til Blekeprosjektet og i fiskebiologiske undersøkingar i Otravassdraget).

Formelt grunnlag

- <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-05-15-47>

Vurderingar og konsekvensar

Med utgangspunkt i §1 og 25a skal Bygland kommune arbeida for at aurebestanden i Byglandsfjorden og Otra vert beskatta slik at dagens uheldige tilstand vert forbetra.

For Byglandsfjorden vart driftsplan utarbeida av Otra Fiskelag i 1999, men gjennomføring av planen har det skorta på. I 2009 vart det laga ein ny plan, «Tiltaksplan for søndre del av Byglandsfjorden, Årdalsfjorden 2009-2012», heller ikkje den vart sett i gang. I 2014 har Bygland kommune sett opp informasjonstavler om mogelegheiter for fiske i kommunen.

Bygland kommune bør gå aktivt inn som samarbeidspartnar for fiskelag og grunneigarar med stimulerande tiltak for å forbetra fiskebestandane i Byglandsfjorden og Otra. Forslaget til retningslinjer ramsar opp at kor stort årleg beløp som kan vere aktuelt å bruke, blir avgjort av kommunestyret i dei årlege budsjettvedtaka.

Bygland, 08.10.2014

Rådmann